
Søkar

Institusjonsopplysningar

Kommunenamn	Fitjar kommune
Institusjonsnamn	Fitjar bibliotek
E-post	biblioteket@fitjar.kommune.no
Postadresse	Postboks 83
Postnummer	5418
Poststad	FITJAR
Kontonummer	35460700610

Leiar av institusjonen

Førenamn	Silje Vågen
Etternamn	Torbjørnsen
Telefon	41 162 815
E-post	siva@fitjar.kommune.no

Er leiar av institusjonen kontaktperson for Ja
tiltaket?

Tiltak

Beskriv tiltaket

Namn på tiltaket	Tips meg om ei god bok
------------------	------------------------

Mål for tiltaket

Målet med «Tips meg om ei god bok» er å 1) gjere bøkene og biblioteket meir synleg på sosiale plattformer 2) fremje leselyst og gjere litteraturen tilgjengeleg for barn, ungdom og foreldre ved å inspirere til lesing 3) leggje til rette for at alle barn i Fitjar blir kjent med biblioteket og brukar biblioteket aktivt og 4) auka fokus på leseglede vil på sikt styrke lesedugleiken til barn i Fitjar

Beskriving av tiltaket

«Tips meg om ei god bok» er eit prosjekt som går ut på å snakke bøkene ut av hyllene ved hjelp av digital formidling. Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom folkebiblioteket i Fitjar, skulebiblioteka og skulane i kommunen, og går inn i målsetjinga i Fitjar om at barna skal møte biblioteket og blir inspirert til å lese bøker gjennom heile barndomen. Prosjektet vil bli ei forlenging av Bokstart - les for meg, som me fekk støtte av Nasjonalbiblioteket til i 2021.

Prosjektet «Tips meg om ei god bok» går ut på å inspirere elevar med bokprat, både av bibliotekar, lærar og medelevar. Ved å freiste med smakebitar frå bøkene er det større sannsyn for at elevane vel breiare og meir utfordrande bøker enn dei elles ville gjort. Barn inspirerer kvarandre, og i prosjektet «Tips meg om ei god bok» vil me legge vekt på at barna skal få komme med sine boktips. Boktipsa skal presenterast digitalt for andre elevar.

Bibliotekaren, skulebibliotekaren og læraren spelar ei viktig rolle i å inspirere barn til lesing, og i skulen vil ein kunne nå alle elevar. Det er sterk samanheng mellom lesedugleik og leseglede, og det ser ut for at om foreldre er positive til lesing har det også positiv effekt på elevars haldning til lesing. For barn som ikkje har foreldre som likar å lese, er det svært viktig at skulen bidrar til leseglede. (1)

Forskning viser også samanheng mellom fritidslesing og utvikling av lesedugleik. Det er stadig fleire som oppgjer at dei ikkje les på fritida og at det er ein negativ trend. I ein artikkel av Astrid Roe blir det peika på at det må vere eit mål å gi alle barn og unge, uavhengig av sosioøkonomisk status og kjønn, like god tilgang til lesestoff og hjelp til å finne fram til tekstar som engasjerer dei. (2)

Det har dei seinare åra knytt bekymring til barn og ungdom sine manglande skrive og lesedugleikar. PISA undersøkinga frå 2019 viser ein klar samanheng mellom sosioøkonomisk status og leseprestasjonar (s.22) (3). Rapporten viser også at kvar fjerde gut ligg under nivå 2 i lesing. Nivå 2 vert rekna som ei kritisk grense for den lesekompetansen som er naudsynt for å delta i vidare utdanning og arbeidsliv (s. 8) (4).

Resultat frå nasjonale prøvar viser at 5.klasse i Fitjar ligg under landsgjennomsnittet i lesing. I 2020-21 var landssnittet 50, medan Fitjar låg på 47 skalapoeng. Det er eit mål for Fitjar kommune å komme over landssnittet, og samtidig jobbe for at færre barn kjem på meistringsnivå 1.

Inspirasjon til prosjektet «Tips meg om ei god bok» har kome ved å sjå til Spangereid skole, der ein har drive systematisk arbeid med lesing over tid, og der bokprat og bokinspirasjon har vore eit av verkemidla.

Avhengig av om Fitjar folkebibliotek får tilslag på søknaden vil me gjennomføre følgande:

- Velje ut klassar som skal gjennomføre prosjektet, fordelt på ulike trinn.
- Skulebibliotekar/bibliotekar ved folkebiblioteket vil plukke ut bøker som passar målgruppa og presenterer desse for klassane.
- Klassane set av ekstra tid til lesing i ein lengre periode.
 - Klassane får innføring i presentasjonsteknikk og arbeider med presentasjonane.
 - Elevar eller grupper av elevar vel ut ei bok dei ynskjer å presentere på ein videosnutt.
 - Arbeid med utforming av presentasjonane. Utforming kan variere; rein bokprat eller film som ein trailer til boka. Her skal elevane sin kreativitet komme til uttrykk. Bibliotekar/skulebibliotekar hjelper til med filming og redigering.
 - Invitere til samling på trinna for å vise bokpresentasjonane.
 - Plukke ut nokre presentasjonar som kan presenterast på Youtube-kanalen til biblioteket og innhente løyve frå foreldre og elev.

Effekt av prosjektet vil vere at barna inspirerer kvarandre til lesing, og dei inspirerer andre. Barna vil bli merksam på biblioteket. Bibliotekpersonal vil prøve ut nye metodar for digital formidling som kan implementerast i skulen sin verksemdsplan.

For biblioteket er utfordringa ein personalressurs som kan arbeide inn mot skulen og utvikle metodar for digital formidling. Me søker difor om midlar til 14-18% stilling som skal arbeide mot dette prosjektet.

(1) Lesesenteret i Stavanger (2021) Foreldrenes leseglede kan utjevne sosiale forskjeller Henta 30.september 2021 frå

<https://www.uis.no/nb/forskningsformidling/foreldres-leseglede-kan-utligne-sosiale-forskjeller>

(2) Roe, A. (2020). Elevenes lesevaner og holdninger til lesing. Frønes, T., Jensen, F. (red) (2020). Like muligheter til god leseforståelse. Oslo: Universitetsforlaget

(3) Jensen, F., Pettersen, A. Frønes, T. S., Kjærnsli, M., Rohatgi, A., Eriksen, A. & Narvhus, E.K. (2019). PISA 2018. Norske elevers kompetanse i lesing, matematikk og naturfag. Oslo: Universitetsforlaget

(4) Språkløyper – Nasjonal strategi for språk, lesing og skriving 2016-2019

Samarbeidspartnarar

Har du samarbeidspartnar(ar)?

Ja

Namn

Skulebiblioteka i Fitjar kommune.

Beskriv samarbeidet	Biblioteket og skulebiblioteka i kommunen har eit tett samarbeid og har som mål om å styrke leseglede hos barn i Fitjarskulen. Bibliotekar og skulebibliotekar vil arbeide saman om å formidle litteratur til klassane og arrangere samlingar for bokprat.
---------------------	--

Namn	Skulane i Fitjar
------	------------------

Beskriv samarbeidet	Biblioteket og lærarar ved skulane Rimbareid, Selevik og Øvrebygda har som felles mål å styrke leseglede og leseglede til elevane. Klassane og lærarane som blir med i prosjektet set av tid til lesing og arbeid med presentasjonsarbeid. Lærarar informerer foreldre om prosjektet og oppfordrar dei til å involvere seg i elevars fritidslesing. Ved å samarbeide med skulane når ein alle elevar i kommunen.
---------------------	--

Budsjett

Inntekter

Omsøkt beløp frå Nasjonalbiblioteket	75 000
--------------------------------------	--------

Beskriving andre inntekter	Eigenandel lønn personal
----------------------------	--------------------------

Beløp	15 000
-------	--------

Samla inntekter:	90 000
------------------	--------

Utgifter

Beskriving andre utgifter	Frigjering av personalressurs
---------------------------	-------------------------------

Beløp	90 000
-------	--------

Samla utgifter:	90 000
-----------------	--------

Inntekter - utgifter

0